

Heile bygda sitt hus – også i framtida



Løft for



Breimshallen 2017 – blir du med?

Mål: *Attraktiv samlingsplass – for heile bygda – for alle aldersgrupper:*

Ver støttemedlem i Breimshallen

Vi jobbar aktivt for at samfunnshuset/storstova i Breim skal vere ein attraktiv møteplass. Hjarteleg tusen takk for støtte til huset i 2016. Det vart endeleg eit år utan underskot 😊. For å halde kostnadane nede, gjer vi mest mogleg på dugnad, men **vi treng framleis di økonomiske støtte**. Det er viktig for å sikre vidare drift og utvikling.

Støttekontigent: 300 kr eller eit valfritt beløp.

Kontonr.: 3710.05.04880. (Hugs namn på innbetalinga). Er du støttemedlem gjev du eit handslag til lokalsamfunnet vi alle er ein del av.

Alle husstandar i grendene som soknar til 17. mai feiring i Breim blir invitert til ei årleg støtte til huset. Tips gjerne utflytta Breimningar.

På <https://www.facebook.com/breimshallen/> og www.breimshallen.no finn du meir informasjon om huset og aktivitetar som skjer/skal skje, muligheit for leige osv. 😊. Eller sjå baksida av arket om dugnadsaktivitetar i år 😊

Styret i Breimshallen

Dugnad og arbeid på huset 2017, så langt:

Det har så langt vore eit godt år for vedlikehaldet på Breimshallen.

På dugnaden 26. august fekk vi vaska ned heile huset inne inkl. gardiner, måla halve veggen på sørsida, saga ned busker/rydda ute, renska takrenner på oppsida, spylt taket over inngangen, pussa premiane i hyllene oppe, rydda kottet under trappa ved inngangen, skifta lyspærer både her og der og baka kaker/bollar/laga kaffi som alle fekk smake. Tusen takk for innsatsen til dei som var med! ☺

Ungdomar frå Blan har óg fått til mykje på to helgar i år. Trallene under scena har fått nye hjul, kottet over scena er rydda og plastlagt utanpå isolasjonen i taket. Tilbygget på vestsida er rydda og fekk eit strøk med måling, trappa bak scena er spyla, halve veggen på sørsida vart vaska og klargjord til måling, glaskarmane på nedsida av hallen er måla og listene rundt den nye døra bak er måla. Lagerrom i kjellaren er rydda, lagerrom ved inngang ved scena er rydda og lagerrom bak scena er rydda. Dei fekk óg gjort ein del sláttearbeid kring huset + ordna dørtrykkertar osv. Flott at vi har ungdomar som får gjort så mykje på så kort tid!

Som dei fleste har fått med seg er kjøkenet nede ferdig. Det vart veldig bra, tykkjer vi sjølve i alle fall. Det er óg komt ei ny isolert inngangsdør på baksida. Dei lange øydelagde glasa i trappa på oppsida/vestsida er skifta ut med nye glas+ ein del småreparasjonar her og der. Busker og kratt er fjerna langs riksvegen for å gjere inn/utkøyring meir trafikksikker.

Huset er digert og det er framleis ein del målingsarbeid som gjenstår, skifting av roten bordkledning og vindskeier og skifting av øydelagde takrenner. Den store varmtvannstanken i kjellaren er øydelagd, så der kjem ein ny tank om ikkje så lenge. Vidare er no huset kobla til kommunalt vatn og kloakk så då blir det sett inn to nye vassmålarar. Det blir noko vedlikehald på vatn og varme på toaletta ved hovudinngangen om kort tid.

Altså trengst det litt kapital for å halde huset i gang på eit så godt nivå at alle vil trivast der, så her er det berre å rive i.... Sjå elles den flotte tavla ved hovudinngangen med støttebedrifter for hallen.

Tusen takk for alle bidrag til Breimshallen.

Med helsing Styret